

Doktor Haugen slik du minnest han 33.

02.01.2015



Dr. Haugen på facebook

I gruppa Gamle bilder og historier frå Kvinnherad på facebook vert det og utveksla nokre historiar om den legendariske distriktslækjaren.

Dr. Haugen var kjend for fuglane sine. Eg veit at fleire, også her i bygda, fekk duer hos doktoren. Veldig populære var påfuglane med dei flotte fjørene. På facebook minnest ei kor populære desse fjørene var når dei var på skuleundersøkingar, og skulle inn og ta pirquet-prøve med meir. Ho beskriv han også som ein herleg lege som alle hadde respekt for.

Ein annan skriv at det blei fortalt om ein hypokonderpasient som ville ha resept på så sterk medisin at Haugen omsider gav opp. Han skreiv ut ein resept. Pasienten skjønna sjølsagt ikkje skrifta, men det gjorde apotekaren. Der stod det 'Simulerer'.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Frå Kvinnhersminne 2003